

Årsplan norsk: skuleår 25/26

Generelle kompetansemål som handlar om sjangerlære og grammatikk:

- informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium
- bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema
- skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og riktig teiknsetjing og meistre rettskriving og ordbøying på hovudmål og sidemål
- bruke fagspråk og kunnskap om grammatikk, tekststruktur og sjanger i samtale om og vidare arbeid med tekstar
- uttrykkje seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar

Sjanger og sjangertrekk elevane skal ha kunnskap om og kjennskap til i år:

Sakprosa

Reklame

Kåseri

Essay

Skjønnlitteratur

Dikt

Drama

Novelle

Sjanger og sjangertrekk elevane allereie har jobba med i åttande og niande klasse, og som dei skal ha kunnskap om, og kjennskap til:

Sakprosa

Debattinnlegg

Lesarinnlegg

Fagartikkel

Retorisk analyse

Skjønnlitteratur

Eventyr

Myte

Fablar

Fantasy

I timane:

Fokus på teori, sentrale omgrep og sjangerlære. Jobbar med eksempeltekster, tidsliner og sjangertrekk.

Heimearbeid:

Me har ikkje moglegheit til å teste alle elevane i alle sjangrar. Elevane kjem difor til å få heimearbeid i å skrive tekster me ikkje testar dei i på skulen. Dette er for å sørje for at dei er best mogleg forberedt til eksamen, slik at dei vil vera i stand til å svara på alle dei generelle, og meir temaspesifikke, kompetansemåla.

Vurdering:

Hausten: skriveøkt. Heildag i hovudmål og sidemål. Form: tidlegare eksamensoppgåve/terminprøve frå aunivers

Våren: skriveøkt til våren. Heildag i hovudmål og sidemål. Form: tidlegare eksamensoppgåve/terminprøve frå aunivers

Munnleg vurdering hausten og våren: fagsamtalar og/eller presentasjonar i klasserommet

Tilbakemelding:

Skriftleg: på førehand får elevane eit skjema med vurderingskriterium. Skjemaet skal innehalde kva som må til for å oppnå dei ulike karakterane. Kriteria skal seia noko om form og innhald. I Visma får elevane enten skjemaet og/eller skriftleg tilbakemelding på kva dei har fått til og kva dei må jobba vidare med.

Munnleg: på førehand får elevane eit skjema med vurderingskriterium. Skjemaet skal innehalde kva som må til for å oppnå dei ulike karakterane. Kriteria skal seia noko om form og innhald. I Visma får elevane enten skjemaet og/eller skriftleg tilbakemelding på kva dei har fått til og kva dei må jobba vidare med.

Tilbakemeldingane skal seie om innhaldet er tilpasse formål, mottakar og sjanger.

Veke	Innhald	Tema	Tekster	Kompetansemål	Vurdering	Sentrale omgrep	Grammatikk
33-36	Språkhistorie	Blir nynorsk og bokmål nokon gong «shippa»?		forklare den historiske bakgrunnen for bokmål og nynorsk og reflektere over statusen til dei offisielle språka i Noreg i dag	Fagtekst. Skriveøkt på skulen. 2 timer. Karakter. Vurderingskriteriar frå udir. Hovudmål Skriveøkt måndag i veke 37	Norrønt (gamalnorsk), dansketida, nasjonalromantikken, Ivar Aasen, landsmål, riksmål, talemål, skriftspråk, bokmål, nynorsk, samnorsk, norsk språkpolitikk: reform 1907, 1917, 1938, 1951, 1959 og 1981	
37-38	Språkutvikling	Frå norrønt til «lowkey gira»	Kontekst 8-10 s. 242-249	utforske språkleg variasjon og mangfald i Noreg		Standardisering, regionalisering,	

4-7	Retorikk		Kontekst 8-10 s. 180-223	- kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer - bruke kjelder på ein kritisk måte, markere sitat og vise til kjelder på ein etterretteleg måte i egne tekstar - lese sakprosa på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektere over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i tekstane	Retorisk analyse: munnleg vurdering veke 7 Skriving heildag veke 5: sidemål	Etos, patos, logos, kairos, aptum, formelt språk, fleirtalsargument, parallellargument, tradisjonsargument, ekspertargument, fornuftsargument og språklege verkemiddel ⁱ	
8	Språk og identitet	«Eg har noko business å ta meg av». «Serr?» «Ja, serr. Jalla!» Emojis er språkets kjønnsykdom	Kontekst 8-10 s. 227-241	- utforske og vurdere korleis digitale medium påverkar og endrar språk og kommunikasjon - utforske og reflektere over hvordan tekster framstiller unges livssituasjon		sosiolekt, geolekt, multietnolekt, etnolekt, identitetsmarkør, slang, låneord,	
Veke 9: vinterferie							

10-13	Språklege trekk + fortsett på språk og identitet	«Send mig kartoflerne!». «Vad? Jag kan inte höra vad du säger!»	Kontekst 8-10 s. 250-269	lytte til og lese tekster på svensk og dansk og gjøre rede for innhold og språklige trekk	Skriveøkt veke 12 - hovudmål Munnleg språkoppgåve veke 12 og 13	V2-regelen, ordstilling, germanske språk, indoeuropeisk språk, språkfamilie, SVO- språk, personleg pronomen, nektingsadverb,	
Veke 14 og 15: påskeferie							
15-17	Kreativ skriving/ samansette tekster?	Vil du ha stryk på eksamen? Skriv kåseri eller essay	Kontekst 8-10 s. 270-292		Kreativ skriving: skriveøkt sidemål veke 17		
18-20	Jobbing retta mot eksamen						

ⁱ med språklege verkemiddel meiner me besjeling, metafor, samanlikning, underdriving, overdriving, gjentaking, humor, ironi, sarkasme, symbol, allusjon, allegori, eufemisme, dysfemisme, kontrast, personifikasjon, metonymi, auking av tempo, utvida augneblikket, parrim, kryssrim, omsluttande rim, balladerim, rim og rytme, allitterasjon, enderim, bokstavrim